



FYLKESMANNEN I HORDALAND

Miljøvernavdelinga
Landbruksavdelinga
Beredskapseininga
Justis- og forvaltningsavdelinga

Sakshandsamar, innvalstelefon
Svein A. Tvedten, 55 57 20 20

Vår dato Vår referanse
19.12.03 2003/11999

Dykkar dato Dykkar referanse
20.05.2003

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Fylkesmannens høyringsuttale - NOU 2003:14 - Bedre kommunal og regional planlegging etter plan og bygningsloven

Vi viser til invitasjon til å gje høyringsuttale innan 01.12.03. I telefonsamtale med Miljøverndepartementet v/Asle Moltumyr den 01.12.03 fekk fylkesmannen i Hordaland utsett fristen til 15.desember.

Vi har vurdert lovforslaget utifrå dei røynslene vi har etter arbeidet med plansaker i vårt fylke. Vi kommenterer lovforslaget i kronologisk rekkefølge.

Nokre innleiande kommentarar

Fylkesmannen vil innleiingsvis gje sin tilslutnad til det som har vore hovudtanken bak utvalet sitt arbeid; Styrking av planlova som reiskap for sektorovergripande samfunnsplanlegging på kommunalt, regionalt og statleg nivå. Vår oppfatning er at utvalet på mange punkt har føreslege justeringar og presiseringar som samla sett vil gjere det lettare å nå dette målet. På andre område opplever vi derimot at forslaga skapar nye vanskar og paradoks. Vi saknar difor ei meir gjennomgripande drøfting av kva som har vore dei største hindringane for at *dagens* lovverk skal fungere etter intensjonen, som grunnlag for dei nye løysingane som er føreslegne.

Fylkesmannen i Hordaland driv i dag eit svært omfattande arbeid med planrelaterte saker. Årleg mottek vi om lag 1300 saker til uttale, av dette om lag 800 søknader om dispensasjonar, samt 100-150 klagesaker som gjeld dispensasjon i enkeltvedtak etter plan- og bygningslova (PBL). Embetet medverkar aktivt i regionalt planforum. Vi samhandlar svært godt med andre statlege sektorstyresmakter med planansvar. Samarbeidet med Hordaland Fylkeskommune om fylkesplanlegging er også omfattande. Vidare er vi aktivt inne i kommuneplanprosessar og arrangerer årleg kongress, seminar og planfaglege samlingar, åleine eller saman med andre regionale aktørar.

Våre utfordringar skil seg frå dei fleste andre embete, så vel i talet på saker som i kompleksitet. Neppe noko anna fylke har tilsvarende aktivitet og planfaglege utfordringar innan hav- og sjørelaterte næringsgreiner, der petroleumsindustri, havbruk, fiske og transport er dei største. Bymiljøutfordringar kombinert med samordninga av areal- og transportplanlegginga i Bergensregionen byr på tilsvarende store utfordringar. Dette saman med utfordringane knytt til ei bærekraftig forvaltning av nasjonalt og

internasjonalt viktige fjord-, kultur- og fjellandskap, gjer at det vert avgjerande for oss at plansystemet fungerer godt.

Difor er det viktig for Fylkesmannen at den nye lova reelt sett vil føre til auka lojalitet mot vedtekne planar, slik at nasjonale / regionale interesser og generell rettstryggleik vert mindre skadelidande enn i dag. Ei "bit for bit" innføring av endringane kan ytterlegare forsterke den vanskelege situasjonen vi er inne i. Når ein som no til dømes har innført krav om nye fristar før andre viktige deler av forslaget vert implementert, har det ført til at enno fleire planar og einskildsaker enn før "glir gjennom systemet," utan heimel i overordna plan og utan tilstrekkeleg kvalitetssikring av aktuelle sektorstyresmakter.

Vi vil difor oppfordre til at ein i neste fase unngår oppsplitting av heilskapen i framlegget og at ein ser meir grundig på dei økonomiske og administrative konsekvensane som naturleg bør følgje av framlegget for så vel kommunar som regionale og statlege aktørar i samfunnsplanarbeidet.

Våre innspel er elles vinkla ut frå vår kjennskap til det presset kommunane og regionale medspelarar opplever i høve til å kunne etablere og halde på den kompetansen, og å setje av dei ressursane, som trengst for å kunne førestå ei planlegging i tråd med intensjonen.

Til §1-1 Lova sitt føremål

Det er positivt at omsynet til samfunnstryggleik har fått plass i formålsparagrafen. Auka fokus på samfunnstryggleik er viktig for å sikre utviklinga av lokalsamfunn som er robuste mot kriser og ulykker.

I planlovutvalet si første delinnstilling NOU 2001:7 var det lagt fram to ulike alternativ for ny formålsparagraf. I alternativ 1 var matproduksjon med. Dette omsynet no teke ut av planlovforslaget, utan at dette er grunngjeve. Vi meiner at formålet med å sikre naturgrunlaget for matproduksjon er så viktig for samfunnet at det framleis må liggje inne i formålsparagrafen. Sikring av produksjonsgrunlaget (jordvern) må truleg i aukande grad skje gjennom overordna planprosessar, i staden for tradisjonelle einskildvedtak etter landbrukslovgjevinga, og då særleg jordlova. Den utviklinga vi er inne i med at særlovverket i landbruket i stadig mindre grad verkar styrande for arealforvaltninga, bør føre til at PBL blir tilsvarende tydeleggjort med tanke på sikring av viktige produksjonsareal, sett i eit langsiktig perspektiv og på tvers av eigedomsgrenser.

Til § 1-3 Lova sitt geografiske virkeområde

I Hordaland har vi ved fleire høve hausta røynsle med at også framføring av leidningsnett for petroleumprodukt har potensiale for å skape konflikter med bruk og vern av andre verdiar på sjøbotnen eller i vassøyla. Vi kan difor ikkje støtte mindretallet sitt framlegg om at denne typen anlegg framleis bør vere unnateke handsaming etter PBL.

Til § 1-4 Verdier og retningslinjer for planlegging etter lova

Fylkesmannen støttar fleirtalet sitt syn. Paragrafen er klargjerande og understrekar så vel føremålet med lova som eit demokratisk og heilskapleg planleggingsprinsipp. Nettopp derfor er det viktig for oss at sektorar og ulike utbyggingsinteresser i størst mogeleg grad vert handsama likt, slik vi seinare vil koma inn på, mellom anna i høvet til planlegging i sjø, vassdrag m.v. Etter kvart som tradisjonelle statlege aktørar med delt utbyggings- og forvaltningsansvar for særlovverk vert kommersialiserte og konkurranseutsette, er det svært uheldig at tidlegare "snarvegane" gjennom plansystemet vert vidareført. Dette kan både gje konkurransevridande effektar og eit demokratisk underskot i planprosessar.

Til §1-7 Medverknad og høyring

I utkastet §1-7 tredje avsnitt har kommunen fått klårare ansvar for å sikre aktiv medverknad frå barn, unge og andre grupper som ikkje sjølve er i stand til å delta direkte i planlegginga.

Fylkesmannen sluttar seg difor til dei forslaga frå utvalet som gjeld styrking av barn og unge sine interesser i planlegginga.

Vår røynsle tilseier at det er stor trong for å presisere dette. Metodiske vanskar gjer at kommunane ofte har problem med å oppfylle lova sitt krav til medverknad på dette punktet. Vi ser på forslaget om ein eigen representant med særleg ansvar for å stimulere og organisere barn og unge sin medverknad som viktig. Vi presiserer at representanten må gis nødvendig tid og ressursar til å ta på seg dette ansvaret. Det er og viktig at representanten ikkje samtidig skal ivareta andre, "konkurrerende" interesser. Den noverande ordninga for barnerepresentantar tek ikkje godt nok vare på desse omsyna.

Til §1-9 Konsekvensutgreiing av planar med vesentlege verknader

Utvalet sitt forslag om å integrere dagens reglar om konsekvensutgreiing (KU) i den ordinære planlegginga vil m.a. føre til at det kan reistas motsegn og klage mot utgreiingas kvalitet og omfang. Fylkesmannen støtter dette. Integreringa vil føre til at fleire saker må vurderast med omsyn til om dei utløyser KU-krav eller ikkje. Talet på konsekvensutgreiingar vil også auke. Desse to forholda, saman med klagehøvet på KU, vil føre til ekstra arbeid for fylkesmannen i forhold til dagens situasjon.

Vi stiller likevel spørsmål ved meininga i å konsekvensutgreie ein overordna arealplan, så grovmaske som den vil vere. T.d. vil konsekvensane for miljø og samfunn vere svært ulike, avhengig av om eit område framtidig blir nytta til tungindustri eller kontorlokale. I begge tilfella vil området i kommuneplanens arealdel bli avsett til "areal for bebyggelse og anlegg – annen næringsvirksomhet".

Til §1-10 Samfunnstryggleik og risiko- og sårbarheitsanalyse

Vi ser positivt på forslaget om å lovfeste ei plikt for planstyresmakta til å ta tryggleiksomsyn i planlegging etter lova. Dette gir etter vårt syn eit naturleg ankerfeste for gjeldande retningslinjer (DSB, 1997) og rundskriv (GS-1/01), som regulerer fylkesmannen sin bruk av motsegn knytt til samfunnstryggleik og beredskap. Vi viser til pkt 16.3.19 på side 7 og 8 i uttalen vår til den første delutgreiinga til planlovutvalet, den 13.07.01 der vi mellom anna uttalte at koplinga mellom ROS-analysar og kommuneplanarbeidet ikkje er tilfredsstillande, sjå vedlegg.

At lova no koplar kravet om ROS-analyser til arealplanlegginga, ser vi som føremålstenleg for å sikra at planane ikkje legg opp til arealbruk med uakseptabelt høg risiko.

Til § 1-11 Rettsverknader av planar

Vi stør her fleirtalet si innstilling, i det vi viser til våre kommentarar til utkastet § 1-4.

Til §1-13 Forbod mot bygging m.v. i 100-metersbeltet langs sjøen

Det er fylkesmannen si klåre røynsle at dispensasjonspraksisen i fleire kommunar i fylket har vore for liberal. Vi støtter derfor utvalet sitt forslag om å klargjere og stramme inn på vilkåra for å dispensere frå bygge- og deleforbodet. Vi stør og mindretalet si tilføyning til andre avsnittet i paragrafen.

Til §1-14 Motsegn og mekling

Vi støtter forslaget om å lovfeste meklingsinstituttet, jf paragrafens åttande avsnitt. Mekling er imidlertid berre formålstenleg når partane ønskjer det. Vi meiner derfor at det ikkje bør vere meklingsplikt.

Vi registrerer elles at ansvaret for drifting av meklingsinstituttet ikkje er fastlagt. Vi vil understreke at meklingsinstituttet har fungert bra etter den ordninga som er etablert. Fylkesmannen har mange meklings saker, med svært mange meklingspunkter, kvart år. Grunna den samla faglege og juridiske kompetansen vi sit på har resultata blitt vellykka. Få saker er blitt oversendt departementet. Vi har ikkje registrert noko kritikk i retning av at vi ikkje kan ivareta rettstryggleiksfunksjonar som ligg til meklarrolla, samstundes med at vi tidvis også er fagstyresmakt innan tema det blir mekla om. Vi ser ingen grunn til å endre ei ordning som fungerer godt i praksis. Vi minner på nytt om at mekling berre blir gjort dersom partane har bedt om det.

Dersom alternativet no er å etablere ei politisk basert meklingsordning, frykter vi at dette kan føre til ein meir varierende rettspraksis i elles like saker av nasjonalpolitisk verdi.

Fylkesmannen sluttar seg til utvalet sitt forslag i paragrafen sitt sjette avsnitt om at det ikkje kan reisast motsegn mot tilhøve som har vorte avgjort tidlegare av departementet. Vi er einige med utvalet i at det er viktig å legge mykje ressursar til startfasen av planarbeidet. Vi kan derfor også slutte oss til regelens sjuande avsnitt, som legg eit oppfylingspress på motsegnsstyresmaktene på dette punktet. Vi tek derimot avstand frå forslaget til mindretalet, om tap av retten til motsegn dersom kravet til deltaking i planprosessen ikkje er oppfylt. I mange kommunar er planprosessen lite strukturert, og det ville vere uheldig om dette skulle føre til ein slik konsekvens som mindretalet her går inn for.

Til §1-15 Forholdet til forvaltningslova og klage

Vi støttar utvalet sin intensjon om gjere plansystemet meir føreseieleg og effektivt. Vi tviler likevel på at forslaget om å avgrense høvet til klage vil medverke til dette. Dersom kommunen avviser klagen, kan dette vedtaket også påklagast. For å avgjere om klagen gjeld forhold som er avgjort tidlegare må klageinstansen i klageomgangen gjere ei vurdering av realitetane i klagen. Vi frykter at mykje ressursar og kreativitet vil bli brukt for å vinkle klagen slik at den likevel skal bli tatt opp til handsaming.

Det kan ofte by på juridiske problem å skilje mellom ”forhold som er avgjort tidlegare” og klage med nytt innhald. Ettersom klageretten er ein grunnleggande garanti for borgarane sin rettstryggleik, og at vi reknar med at effekten av utvalet sitt forslag er tvilsam, går fylkesmannen mot dette forslaget frå utvalet.

Til § 2-5 Regionalt planforum

Ut frå røynsler med positive vinstar av plansamarbeid gjennom mange år, stør vi forslaget om å lovfeste ordninga med eit regionalt planforum. Lova bør likevel ikkje utformast slik at det skal tilleggjast eit fylkeskommunalt organ å *samordne* statlege interesser i planarbeidet. Det må etter vårt syn påkvile statlege aktørar sjølv eit ansvar for intern samordning. I dag ligg det som kjent til fylkesmannen å samordne statlege interesser i fylkesplanlegginga og i praksis har vi også heilt naudsynte samordningsprosessar på regionalt statleg nivå også i kommuneplanprosessar. Planforum sitt mandat / oppdrag bør difor tydeleg avgrensast til planfagleg rettleiing og formidling av statlege og regionale styringssignal i tidlege fasar av planarbeidet i kommunane. Som hovudregel bør dette skje før utlegging av planane til offentleg ettersyn.

Til Kap 4 Nasjonale omsyn og oppgåver i planlegginga

Vi stør her utvalet sine forslag, men føreset at også fylkesmenn og andre regionale statlege aktørar vert trekte nært og formelt inn i utarbeiding av retningslinjer og føresegner.

Til §4-2 Statlige retningslinjer

Fylkesmannen sluttar seg til utvalet sine tilrådingar når det gjeld trongen for å revidere RPR for barn og unge, ikkje minst med sikte på å gjere retningslinjene meir forpliktande for kommunal planlegging.

DEL III: Regional planlegging

Til Kap 5, 6 og 7

Fylkesmannen støttar etter ei samla vurdering utvalet sine framlegg, inklusive framlegget om at den sentrale godkjenningsordninga bør halde fram.

DEL 4: Kommunal planlegging

Til Kapittel 8 Hovudtrekk og kommunal planstrategi

Det er vår oppfatning at dei føreslegne endringane vil gjere kommuneplanlegging til ei meir kontinuerleg og lokalpolitisk interessant oppgåve, men vi registrerer at det ikkje vert føreslege motsegnrett til strategiane. Vi vil her skyte inn at vi har sett døme på at randkommunar til Bergen har brukt ”store tomter i strandsona” som bevisst planstrategi for å trekkje innbyggjarar til kommunen. Det er difor eit spørsmål om i kva grad ein skal få skape kontroversielle lokalpolitiske forventningar i ein tidleg planfase, utan at dette snarast råd løyser ut tydelege statlege / regionale styringssignal.

Til §9-7 Areal for omforming og fornying

Vi viser til pkt 13.1.5 på side 4 i vår uttale av 13.07.01 til første delutgreiing, der vi gav ei vurdering av høve ved dagens LNF- kategori samt innspel om vidareutvikling og nyansering av kategorien, sjå vedlegg. Elles har vi fylgjande merknader;

Nr. 2:

Fortetting er eit viktig miljøpolitisk verkemiddel innafor arealplanlegginga. Vi støttar difor innføring av ein ny arealkategori som kan gjere det lettare å få til mellom anna fortetting og byfornyng.

Nr 3:

Vi kan ikkje støtte at reindrift kjem inn som føremål, med mindre næringa faktisk er representert i eit område. Område utan reindrift bør nytte LNF-kategorien som i dag.

Det vert gjort framlegg om å halde LRNF kategorien samla og hovudprinsippet er at vidare planlegging gjennom område- og detaljplan skal avklare tilhøvet mellom landbruk, reindrift, natur- og friluftsliv. I tillegg er det gjort framlegg om å opne for særlege omsynssoner både i arealdelen og områdeplanar for å ta omsyn til m.a. støy og faresoner samt sikre verdiar som biologisk mangfald, jord- og skogbrukssoner, friluftsliv, kulturlandskap m.m. Det vert gjeve høve til å dele LRNF kategorien i to soner med ulike restriksjonar - LRNF etter nr.3 a) og LRNF etter nr. 3 b).

I LRNF område etter 3 a) er det ikkje høve til utbygging og anlegg, med unntak av nødvendige bygningar til landbruk og reindrift. For landbruk er dette ei vidareføring av noverande praksis. I tillegg vert det opna for *gardstilknytt næringsverksemd* etter nærare vedtekter i planen. Slik verksemd skal m.a. vere basert på garden sitt ressursgrunnlag som driftseining og ha klare omfangsavgrensingar. For oss synast det likevel uklårt kva som er lagt i omgrepet og kva konsekvensar dette kan få for utvilinga i LRNF områda. Frådeling av gardstilknytt næringsareal skal ikkje vere tillate, men dette kan verte vanskeleg å handheve.

I følgje lovframlegget er det ein føresetnad at det er gjeve føresegnar til arealdelen om å tillate gardstilknytt næringsverksemd dersom kommuneplanen skal kunne opne for dette. Vi vil likevel rå i frå at lova gjev ein generell opning for slik næringsverksemd i LRNF områda.

I LRNF område etter 3 b) vert det opna for spreidd bustad-, fritids- og næringsutbygging. Dette er ei vidareføring av noverande § 20-4, 2. ledd bokstav c), men lovframlegget inneheld også endringar. Så langt vi kan sjå set ikkje lovframlegget krav om fastsetjing av omfang og lokalisering for nye byggetiltak i samsvar med noverande planpraksis.

I følgje lovframlegget skal areal for spreidd utbygging gå fram av arealdelen og vere avklart i samråd mellom planstyresmakta og sektorstyresmaktene. Det skal gå fram av føresegnene til kommuneplanen kva sektoravklaringar og løyve som eventuelt må innhentast før byggjeløyve kan verte gjeve. Det kan i følgje lovframlegget setjast krav om områdeplan eller detaljplan ved eit gitt omfang, eller ved eit geografisk område for å

sikre forsvarleg lokalisering av spreidd utbygging i høve ulike verdiar/interesser. Areal for spreidd utbygging kan innehalde føresegnar om lokalisering, omfangsavgrensing for bygg som kan tillatast innanfor byggesona, utforming m.v., men dette er ikkje eit krav. Vi har vanskar med å sjå at lovframlegget medfører ei forenkling i høve gjeldande praksis med direkte avklaringar i kommuneplanen, og får inntrykk av at framlegget snarare kan virke meir uoversiktleg og ressurskrevjande enn i dag.

Viser også til kommentarar til § 1-4.

Havbruk i dagens, og ikkje minst framtidens målestokk, vil meir eller mindre kunne ekskludere andre bruksmåtar av sjøareal fullstendig. Det bør difor presiserast at havbruksføremålet i slike tilfelle ikkje kan inngå i fleirbrukskategorien. Vi kan leggje til at avsetjing av fleirbruksområde med akvakultur har ført til store og unødige konflikter i vårt fylke. Det bryt med ålmenn rettsoppfatning og prinsippa i lova at konfliktane som følgje av planlagt arealbruk først kjem opp i dagen når endelege lokalitetssøknader vert fremja etter oppdrettslova. Det bør difor tilføyast at havbruk berre kan inngå i fleirbrukskategori i den grad det dreier seg om anleggstypar som reelt sett kan fungere i kombinasjon med dei andre føremåla planen skal ivareta. (Jfr. MD sin vegleiar for kommuneplanlegging).

Til §9-8 Omsynssoner i arealdelen

Landbruket er inne i ein omfattande omstillingsprosess som krev utvikling og nytenking.

Miljøtiltak, oppgåver med å framme drift av eit levande kulturlandskap og basis for levande bygder står sentralt. Fylkesmannen støtter utvalet sitt forslag om at kulturlandskap kan leggest inn som ei omsynssone, jf utkastet §9-8 nr 3.

Også for andre formål vil det vere nyttig å kunne konkretisere viktige bruks- og verneverdiar, blant anna som grunnlag for vurdering av eventuelle dispensasjonssøknader.

Til § 9-9 Retningslinjer og føresegnar i arealdelen

Vi vil uttrykkje støtte til at det etter pkt. 4 vert gitt høve til å fastsetje føresegnar om bruk og vern av vassdrag og sjøområde. Ved at kommunane også no får høve til å differensiere innan arealbrukskategorien akvakultur vil dette medføre at ein del moment som i dag vert fastlagt under handsaming av konsesjonssøknader vil kunne bli avklart i planprosessen i planprosessar. Det er rimeleg at retten til å gje føresegnar er knytt til vilkår om oversikts- eller detaljplan dersom føresegnene får vesentleg innverknad på eksisterande verksemd.

Til §9-10 Lengre binding av deler av kommuneplanens arealdel

For mellom anna å kunne sikre landbruksjord eit langsiktig vern, føreslår utvalet at kommuneplanen sin arealdel kan gis lengre bindingstid ved statleg godkjenning. Fylkesmannen ser positivt på dette. Vi trur lengre bindingstid kan medverke til å styrke jordvernet.

Til Kapittel 11 Områdeplan

Vi trur dette plannivået, slik det er føresett å bli, vil fungere godt. Våre merknader knyter seg primært til at detaljeringsnivået fort kan bli for lågt til at byggesaker bør kunne heimlast direkte i planen.

Til § 11-3 Arealformål i områdeplan

Høvet til nyansering av LNRF-kategorien på dette plannivået gjev auka fleksibilitet i planlegginga. Vi stør elles fleirtalet si innstilling vedrørende opplistinga av kategoriar under pkt. 4 – areal for bruk og vern av sjø og vassdrag.

Til § 11-5 Føresegner til områdeplan

Det er positivt at det vert opna for å setje føresegner om grenseverdier for tillaten forureining m.v.

Til §13-1 Ansvar for samordna areal- og transportplanlegging

Utvalet foreslår endringar i lova for å gjere den til ein betre reiskap i transportplanlegginga. Mellom anna er moglegheitene for å knyte retningslinjer og føresegner til arealdelen, som vil ha noko å seie for ATP, vesentleg utvida. Fylkesmannen støtter desse endringane, og trur dei nye verkemidla kan styrke planlova som instrument for meir miljøvenleg og effektiv transportutvikling i byer og tettstader

Fylkesmannen støtter også utvalet sitt forslag til ny §13-1. Vi har merka oss som positivt at statlege myndigheiter får eit eksplisitt ansvar innanfor dette feltet.

Til Kapittel 14 Kystsoneplanlegging

Vi viser her til innspel i samband med førre høyringsrunde. Fylkesmannen har som oppfatning at kommunane bør ha bindande planar i sjø som basis for lokalisering av akvakultur og ivaretaking av miljøomsyn. Vi ser difor svært positivt på at utvalet foreslår at eit eige kapittel om kystsoneplanlegging blir tatt inn i lova. Kystsoneplan blir dermed eit formelt omgrep for planlegging av sjøområde og strandsona innanfor, og det blir sett fokus på dei mange og viktige problemstillingane som gjer seg gjeldande i kystsona. Vi ser også positivt på at strandsona blir foreslått som eigen arealbrukskategori.

Fylkesmannen har tidlegare gitt uttrykk for at PBL må betrast i forhold til å kunne detaljere føremåla og gi juridisk bindande føringar til arealføremåla. Vi meiner det er

vesentleg for kommunane å kunne skilje mellom arter og produksjonsform innan akvakulturformålet, då dette i stor grad har innverknad på allmenne interesser som ferdsle og friluftsliv. Utvalet sitt forslag til utforming av arealformål og føresegner i arealdelen og i områdeplan og detaljplan, vil gi kommunane dette verktøyet. Vi er difor svært positiv til forslaget.

Til §19-1 Dispensasjon frå byggjeforbodet etter §1-13, plankrav og plan

Fylkesmannen meiner dagens dispensasjonspraksis i kommunane er for liberal. Vi får omlag 800 dispensasjonssaker i året til høyring, der det store fleirtalet endar opp med positive vedtak. Vilkåret om *"særlige grunner"* har fungert som ein viktig premiss, som vi som høyringsinstans har nytta oss av i klagesaker.

Vi meiner det er naudsynt med tanke på ei reell planstyrt utvikling å få redusert talet på dispensasjonar, og legg til grunn at lovforslaget er meint å skjerpe høvet til å gi dispensasjon i forhold til det som er gjeldande rett. Vi er likevel redd for at det kan virke villeiande å bytte ut det innarbeida lovvilkår *"særlige grunner"* med uttrykket *"særlige tilfelle"*, og at denne endringa kan føre til ei ytterlegare svekking av hovudregelen om at dispensasjon ikkje skal gjevast. Vi foreslår derfor å behalde uttrykket *"særlige grunner"*. Vidare frykter vi at teksten i paragrafens andre avsnitt, om at *"...fordelen ved å gi dispensasjon anses for å være større enn ulempene etter en samlet vurdering"* kan vere eigna til å misforstå i liberal retning. Vi vil derfor foreslå at heile andre avsnittet utgår.

Fylkesmannen ser positivt på tredje avsnittet i paragrafen. Dette kan medverke til å gje eit nødvendig press på kommunane til å føre ein ansvarleg arealforvaltning i sårbare og nasjonalt viktige områder.

Vi viser elles til det vi har sagt om dette spørsmålet i pkt 17.2 og 17.3, side 8 og 9 i tidlegare høyringsuttale herifrå, sjå vedlegg.

Eit siste moment vi gjerne vil påpeike er den svært uklære situasjonen som rår i høve til dispensasjon for havbrukstiltak som ikkje er heimla i plan. Vi registrerer forslaget om at det i oppdrettslova vert sagt klart at eit havbruksanlegg ikkje kan gjevast konsesjon i strid med plan etter PBL *utan samtykke frå planstyresmakta*.

Vi er av den klare oppfatning at samtykkeregelen som oppdrettslova, lov om undersjøiske naturførekomstar og havbeitelova vil innehalde, ikkje sikrar tilstrekkeleg ålmenn rettstryggleik i desse sakene. Dersom det ikkje er avsett areal til den aktuelle konsesjons-pliktige verksemda i overordna planar, bør det ikkje vere opp til fiskeristyresmakta og kommunen åleine å langt på veg "avgjere" dispensasjonsspørsmålet i saker der andre nasjonale og regionale omsyn kan bli skadelidande. Forslaget kan tolkast slik.

Tiltak som faktisk endrar overordna plan må i prinsippet løysast med same grad av medverknad, uavhengig av kva type næring det skal avsetjast areal til. Fylkesmannen er difor noko forundra over at Planlovutvalet har søkt løyst allereie eksisterande manglar

ved planlovverket gjennom å vise til presiseringar i anna lovverk. Denne løysinga vil tvert om forsterke dagens vanskar.

Vi ber difor om at dei tilrådingane utvalet har kome med på dette punktet vert vurdert på nytt med sikte på å få presisert at konsesjon ikkje kan leggjast til ein kommune med mindre lokalitetsspørsmålet er avklart i overordna plan (eventuelt vert klarert gjennom reell *dispensasjon*). Dersom omgrepet *samtykke* skal vidareførast, må det etter vårt syn i staden presiserast at planstyresmakta ikkje kan gje slikt samtykke med mindre saka har vore sendt på *høyring*, tilsvarande som for alle andre typar dispensasjonssaker.

Økonomiske og administrative konsekvensar


Det er vanskeleg å meine noko sikkert om dette temaet. Vi meiner imidlertid at det er ein mangel ved utgreinga at det ikkje er peika på at så vel kommunar som medverkande sektororgan må pårekne ekstraordinære kostnader i ein omstillings-/ opplæringsfase.

Vi har merka oss utvalet si haldning om at auka vekt på konsekvensutgreiingar og ROS-analyser er eitt av elementa som vil kunne spare samfunnet for monalege summar. Føresetnaden for dette er etter vår meining at slike utgreiingar og analyser held ein tilstrekkeleg høg fagleg standard.

Leddene med utbyggingsplan er rasjonalisert bort. Desse planane førekjem sjeldan i praksis, og er oftast lite kontroversielle (avklart i overordna plan). Innsparinga her vil bli liten. På den andre sida vil fleire konsekvensutgreiingar, som ofte er tema for disputtar, og klageretten på desse, føre til mykje meirarbeid for embetet.

Vi etterlyser signal om at det bør tilflyte tilstrekkelege ressursar til det viktige arbeidet med implementering og forvaltning av det nye lovverktøyet. Vi viser elles til dei innleiande merknadane.

Med helsing


Svein Alsaker


Egil Hauge

Vedlegg

Kopi: Fylkesmannsembeta
Hordaland fylkeskommune
Kystverket
Fiskeridirektoratet
Direktoratet for naturforvaltning
Norges vassdrags- og energidirektorat, region vest